



Til foreldre/føresette på 1. - 3.trinn Seim skule

Unnateke off.
§ 13 1. ledd, jf. fvl. § 13 1.
ledd nr. 1

Referanser:

Dykkar:

Vår: 14/4918 - 17/7557

Saksbehandlar:

Anne Wergeland

Anne.Wergeland@lindas.kommune.no

Dato:

09.03.2017

Kartleggingsprøver vår 2017

Det er igjen tid for gjennomføring av kartleggingsprøver i lesing, rekning og engelsk på 1. – 3.trinn. Kartleggingsprøvene skal hjelpe skulane og lærarane med å finne elevar som treng ekstra hjelp og støtte i løpet av dei første skuleåra.

Prøvene er utarbeidd i regi av Utdanningsdirektoratet, nokre er obligatoriske og nokre er frivillige. I Lindås kommune er det vedtatte at alle prøvene skal vere obligatoriske:

- Lesing på 1., 2. og 3. trinn
- Rekning på 1., 2. og 3.trinn
- Engelsk på 3. trinn
- Digitale ferdigheiter på 4. trinn (vart gjennomført i haust)

Oppgåvene er laga for å finne elevar som treng ekstra hjelp og støtte. Det er viktig å merke seg at vi ikkje kan konkludere med at ein elev er ekstra god i rekning fordi ho eller han fekk til alle oppgåvene.

Det er ikkje meininga at skulen og elevane skal øve på kartleggingsprøvene. Da mister lærarane mulegheiten til å finne elevane som treng ekstra støtte og rettleiing. Utdanningsdirektoratet samler ikkje inn resultatene frå kartleggingsprøvene. Resultata skal ikkje brukast til å samanlikne skular eller kommunar. Dei seier ingenting om kvaliteten på ein skule. Om resultata syner at ein elev har behov for ekstra oppfølging, skal foreldra få tilbakemelding om prøveresultata og bli informert om kva tiltak skulen sett inn.

Elevar som er sjuke på prøvedagen, eller som har anna fråvær, skal få mulegheit til å ta prøven i ettertid.

Det er to grupper elevar som rektor kan vurdere fritak for. Det gjeld elevar som allereie har

- o enkeltvedtak om rett til spesialundervisning.
- o enkeltvedtak om rett til særskilt språkopplæring for språklege minoritetar.

I tillegg må det vere klart at resultat frå prøven som eleven vert friteken frå, ikkje vil ha noko å seie for eleven si opplæring.

Elevar med enkeltvedtak skal ikkje automatisk få fritak frå kartleggingsprøvene. Skuleleiar skal i samråd med læraren gjere ei særskild og individuell vurdering av om resultata til elevar med enkeltvedtak kan vere nyttig i læraren si tilrettelegging av opplæringa.

Post

postmottak@lindas.kommune.no
Dokumentsenteret
Kvernhusmyrane 20, 5914 Isdalstø

Kontakt

www.lindas.kommune.no
Telefon +47 56 37 50 00
Telefaks +47 56 37 50 01

Konto 3201.05.89311
Org.nr. 935 084 733



Døme på kva type oppgåver elevane får:

- Rekning: telje, sortere etter storleik, fullføre tallrekker og rekne med pluss og minus
- Lesing: skrive bokstavar, lese ord lese setningar
- Engelsk: attkjenne og forstå kjende og daglegdagse ord og uttrykk, munnleg og skriftleg
- Digitale ferdigheiter: fokuserer på å tilegne seg og handsame informasjon, produsere og bearbeide, kommunisere og syne digital dømekraft.

Ta gjerne kontakt om du har spørsmål om prøvene.

Venleg helsing

Anne Wergeland
rektor